

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Håjen Kafe, Naustdal
Dato: 11.04.2018
Tidspunkt: 10:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	
Håkon Myrvang	Medlem	
Leidulf Rygge Bogstad	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Iris Loftheim	MEDL	
Gunhild Berge Stang	MEDL	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Løken	Iris Loftheim	
Erlend Hauge Herstad	Gunhild Berge Stang	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
RS 1/2018	Orienteringssaker		
ST 3/2018	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyringsfråsegn om flytting av oppgåver til regionalt folkevald nivå		2018/1221
ST 4/2018	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - klage på vedtak om å avslå søknad om hytte på Dalsbøen		2012/1078
ST 5/2018	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av arbeidsoppgåver i 2018		2018/1221
ST 6/2018	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidlar for 2018		2017/3851
ST 7/2018	Eventuelt		

ST 1/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll ST 1/2018 - 11.04.2018

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader

ST 2/2018 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i ST 2/2018 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 11.04.2018

Vedtak

Protokoll frå førre styremøte vart godkjent og signert

RS1/2018 Orienteringssaker NG Møte 1-2018

- Bjørn Årdal på Jølster har fått fornya løyve til å bruke snøskuter til transport til hyttene i Årdalskupa. Løyvet gjeld for åra 2018-2021 og er gjeve med delegert mynde.
- Søreide og Ryssdal Beitelag har fått fornya løyve til å køyre saltsteinar med snøskuter i Jardalen og til Vardevatnet. Løyvet gjeld for åra 2018 – 2021 og er gjeve med delegert mynde.
- Anders Søreide har fått løyve til å køyre materialar og ved til hytta si ved vardevatnet. Løyvet er gjeve med delegert mynde.
- Eystein Vonen Skaugvoll fekk løyve til å fly og filme med drone i Vonaområdet 26.-28.mars. Løyvet vart gjeve i samråd med styreleiar og med delegert mynde.
- Oddvar Helgås har fått løyve til å køyre snøskuter for å transportere materialar til hytta si ved Vona. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Ryssdal grunneigarlag har fått løyve til å bruke snøskuter for å transportere materialar til klopper frå Ryssdalsstøylen og innover mot Inste Dalavatnet.
- Møteplan for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre i 2018
 - Styremøte 1/2018: 11.april
 - Styremøte 2/2018: 6. juni
 - Styremøte 3/2018: 12. september
 - Styremøte 4/2018: 28. november
- Styret sine driftsmidlar for 2018.
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har fått 90.000 i driftsmidlar for 2018 og 50.000 til planarbeid (skjøtselsplaner). Dette er i tråd med innmeldt behov.
- Besøksstrategien ligg hjå Miljødirektoratet for fagleg godkjenning før høyring. Før jul hadde forvaltar eit telefonmøte med direktoratet der vi gjekk gjennom utkastet og diskuterte naudsynte endringar.

ST 3/2018 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyringsfråsegn om flytting av oppgåver til regionalt folkevald nivå

Arkivsaksnr: 2018/1221-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 28.03.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/2018	11.04.2018

Saksprotokoll i ST3/2018 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 11.04.2018

Vedtak

Forvaltar forfattar eit utkast til fråsegn og sender ut til styret for kommentarar, vidare utarbeiding og til slutt godkjenning.

Moment som skal vere med:

- Tryggleik for midlar til drift og tiltak
- Lokal forankring og lokalkunnskap
- Statleg styring sikrar lik forvaltning over heile landet

Saksutgreiing

Ekspertutvalet / Hagenutvalet har kome med ein rapport der dei føreslår flytting av ein del oppgåver frå statleg myndigheit og over til regionalt folkevalt nivå; dei nye fylkeskommunane/regionane.

Mellom anna er det føreslege å flytte ansvaret for lokal forvaltning, inkludert nasjonalpark-/verneområdestyra og forvaltarar over til regionalt folkevalt nivå.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt rapporten ut på høyring med høyringsfrist 9. mai.

Sidan verneområdestyret vil verte direkte råka av dei føreslegne endringane vil det vere naturleg om styret diskuterer forslaget og eventuelt kjem med ei fråsegn.

ST 4/2018 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - klage på vedtak om å avslå søknad om hytte på Dalsbøen

Arkivsaksnr: 2012/1078-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 28.03.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/2018	11.04.2018

Saksprotokoll i ST 4/2018 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 11.04.2018

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre opprettheld vedtaket sitt om å avslå søknad om å bygge hytta, og sender saka vidare til Miljødirektoratet for klagehandsaming.

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre opprettheld vedtaket sitt om å avslå søknad om å bygge hytta, og sender saka vidare til Miljødirektoratet for klagehandsaming.

Dokument i saka:

- Klage på vedtak, datert 08.01.2018
- Avslag på søknad om å bygge hytte, datert 02.01.2018
- Søknad om å bygge hytte på gamle fjøstuffer på Dalsbøen
- Dokument knytt til søknad, avslag og klagehandsaming i 2014-2015
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Bakgrunn

Audun Rygg har tidlegare søkt om å bygge opp att ein fjøs med overnattingsloft på gamle fjøstuffer på eigedomen sin på Dalsbøen i Traudalen, Gloppen. Søknaden vart avslått av Naustdal-Gjengedal verneområdestyre. Avslaget var tufta på fleire moment, mellom anna at bygningen ikkje var knytt til aktiv landbruksdrift og at der var ein annan bygning som heller kunne settast i stand og nyttast til overnatting. Avslaget vart klaga på, men Miljødirektoratet opprettheldt verneområdestyret sitt vedtak i klagehandsaminga si.

Rygg sende ny søknad i 2017, denne gongen søkte han om å bygge hytte på same staden. Men denne gongen utan fjøs under. Det ville vere eit vesentleg lågare bygg som ville ruve mindre i landskapet. Verneområdestyret fann likevel ikkje grunnlag for å gje løyve til denne hytta, og avslo derfor også den søknaden.

Klagen

Audun Rygg har no klaga på vedtaket om å avslå søknaden. Han meiner at verneområdestyret har tolka føresegnene i regelverket feil når dei avslo søknaden om å føre opp hytte. Rygg meiner og at manglande heimel til å føre opp hytte slik han søker om, vil gjere staten erstatningspliktig.

Vurdering

Verneområdeforvaltaren kan ikkje sjå at det har kome fram nye opplysningar eller andre omstende som gjev grunn til å endre på vedtaket til styret, verken i klagen eller frå anna hald.

ST 5/2018 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av arbeidsoppgåver i 2018

Arkivsaksnr: 2018/1221-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 28.03.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/2018	11.04.2018

Saksprotokoll i ST 5/2018 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 11.04.2018

Vedtak

Prioritering av arbeidsoppgåver for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i 2018:

1. Sekretariat for verneområdestyre og Fagleg rådgjevande utval
2. Sakshandsaming
3. Gjennomføring av tiltak
4. Besøksstrategi
5. Kommunikasjon og informasjonsarbeid

I samband med punkt 5 skal forvaltar lage ein kort presentasjon av verneområdet og forvaltninga som kan presenterast i kommunestyra.

I samband med punkt 5 skal forvaltar undersøkje mogelegheitene for å lage filter og geotag for sosiale media.

Saksutgreiing

Vi er i starten av eit nytt år og styret kan gjerne diskutere litt kva arbeid som bør prioriterast i 2018. Styret er fagleg overordna forvaltaren og disponerer i utgangspunktet forvaltaren si arbeidstid.

Det er nokre ting som ligg fast. Sakshandsaming og sekretariatfunksjon må prioriterast slik at dette fungerer i tråd med forvaltningslova og intensjonen med lokal forvaltning. Ein må og ha i mente at forvaltaren jobbar for to verneområdestyre.

Det kan og vere lurt å minne om at Fylkesmannen (som er arbeidsgjevar for forvaltaren) er inne i ein prosess med samanslåing av embeta i Sogn og Fjordane og Hordaland. Dette vil og ta noko tid no i 2018.

Framlegg til prioritering av arbeidsoppgåver for Ålfotbreen:

1. Sekretariat for verneområdestyret og Fagleg Rådgevande utval
2. Sakshandsaming
3. Gjennomføring av tiltak (bestillingsdialogen)
4. Besøksstrategi
5. Kommunikasjon og informasjonsarbeid

Styret står fritt til å endre prioritering, ta ut eller legge til arbeidsoppgåver.

ST 6/2018 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2018

Arkivsaksnr: 2017/3851-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 28.03.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/2018	11.04.2018

Saksprotokoll i ST 6/2018 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 11.04.2018

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har fått kr 564.000 i tiltaksmidler for 2018.

Desse vert prioritert og fordelt slik:

Prioritering	Tiltak	Sum
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	10.000
2	Skjøtselstiltak i tråd med skjøtselsplanar for støyane	30.000
3	Stiltiltak Arnestadstøylen	24.000
4	Geitabykset	250.000
5	Bru over Byrkjeneselva	50.000
6	Stien til Byrkjeneset	
7	Stien gjennom Ura ved Storevatnet	

Tiltak 1 til 5 kan settast i gong med ein gong, i utgangspunktet innanfor dei summane som er fordelt.

Tiltak 6 og 7 avventar inntil vidare. Det som står att av midlar når ein har kontroll på forbruket på tiltak 1-5, vert sett inn på tiltak 6 og 7.

Forvaltar kan gjere justeringar og flytte midlar mellom tiltaka ved behov.

Saksutgreiing

Bakgrunn

Etter bestillingsdialogmøte i fjor haust, sende verneområdestyret inn ei liste over sju tiltak som styret ynskte midlar til. Desse hadde ein samla stipulert kostnad på totalt 684.000.

Prioritering	Tiltak	Sum
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	10 000
2	Skjøsteltiltak jamfør skjøtelsplanar for støylane	30 000
3	Stitiltak Arnestadstøylen	24 000
4	Geitabykset	250 000
5	Stien til Byrkjeneset	200 000
6	Bru på Byrkjeneset	50 000
7	Utbetring av stien gjennom Ura ved Storevatnet	120 000
	Totalt	684 000

Verneområdestyret har fått tildelt kr 564.000 i tiltaksmidlar for 2018 (sjå vedlegg). Det er noko mindre enn kva som er søkt om. Miljødirektoratet har ikkje kome med nokon føringar om at tiltak skal strykast, avvente eller nedprioriterast. Det betyr at verneområdestyret står fritt til å disponere og prioritere dei tildelte tiltaksmidlane innanfor denne lista. Sidan tildelinga er mindre enn det som er søkt om, må ein enten redusere summar på eitt eller fleire tiltak, eller stryke eitt eller fleire tiltak.

Handsaming i styret

- Verneområdestyret kan endre prioritering dersom det er ynskjeleg.
- Verneområdestyret må fordele dei tildelte midlane mellom dei sju tiltaka i lista.
- Verneområdestyret bør og gje nokre føringar for eventuell omprioritering av midlar gjennom året.

ST 7/2018 Eventuelt

Saksprotokoll i ST 7/2018 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 11.04.2018

Eventuelt

Ingen saker